

Den store musikkdugnaden

Den kraftfulle blandinga av heiltente amatørar og profesjonelle krefter lokkar fram det beste i musikklivet i Sykkylven.

konsert

Nyttårskonsert
Kor og korps i
Sykkylven med
solistane Ante
Skaug, Erlend Eide
og Leif Atle
Strand.
Sykkylven kyrkje.

SYKKYLVEN.
– Her får de seks konsertar i eitt, lova hovuddirigent Ante Skaug då han introduserte stadig nye kor, korps og solistar under nyttårskonserten i Sykkylven kyrkje søndag

Skarpskodd. Han tok ikkje munnen for full. Publikum som fylte kyrkja, fekk oppleve ikkje mindre enn tre blandakor i tillegg til eit skarpskodd janitsjarkorps pluss juniorar og aspirantar.

Som vanleg hadde musikarar og songarar hektiske øvingsdagar bak seg. Som vanleg kunne dei levere eit musikalsk program som både var variert, krevjande og fullt av overraskingar.

Fanfare. Aaron Coplands «Fanfare for the Common Man» opna konserten, med blåsarane utplasserte i sal og galleri.

Med Erlend Eide som klarinettssolist fekk publikum høyre så ulike musikkstykke som «Concertino» av Carl Maria von Weber, elegant ballroom-jazz og jazzvals nummer to av Sjostakovitsj. Legg merke til at det siste musikkstykket er meir vals enn jazz, påpeika dirigent Ante Skaug som kombinerte gjøgleri og musikalsk alvor i kontakten med publikum.

Det store felleskorpsset, i all hovudsak Sykkylven janitsjar, avslutta sin del av konserten med ein suite av Bach.

Klarinettssolist. Men det skulle aldri kome på tale at dei dyktige vaksne skulle få stele showet. Erlend Eide dirigerte også juniorane. Dei danna eit samansett korps med mannskap frå skulekorpsa i kommunen.

Juniorane leverte flotte tolkingar av melodiar som spente frå Beatles til Jan Magne Førde. Og jammen kom også aspirantane, som først fekk sine instrument i haust, marsjerande inn og framførte sin eigen melodi med juniorkorpsset som komp.

Trommemøte. Eit trommemøte mellom Sykkylven og Afrika var det også gitt plass til. Dirigent Ante Skaug er nemleg også ein dyktig perkusjonist og i dette innslaget fekk han med seg rytmeseksjonen i korpsset i forrykande trommespel.

Songsolist var Leif Atle Strand, opphävleg frå Hundeidvik. Han hausta stor applaus som crooner i Sinatra-tradisjonen.

Ikkje mindre enn tre blandakor tok del i konserten. Sykkylven blandakor, Hundeidvik blandakor og Velledalskoret var med først enkeltvis, før dei gjekk saman i det som denne eige gongen i året heiter Sykkylven konsertkor. Tradisjonen tru smelta kor og korps saman i ei mektig avslutning.



Erlend Eide var både klarinettssolist og instruktør for juniorane.

SALG

ARK

SALG

KUPP!